# Radøy kommune
Kultur- og sørvistorget

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar:<br>Vår: 15/148 - 17/13452 | Arthur Kleiveland<br>arthur.kleiveland@radoy.kommune.no | 02.11.2017 |

# Bergen og Omland havnevesen - etablering av IKS for den lovpålagde delen av hamneverksemda i Bergensregionen - Radøy kommune

**Radøy kommunestyre har i møte 26. oktober handsama sak om etablering av IKS for den lovpålagde delen av hamneverksemda i Bergensregionen. Det vart gjort følgjande vedtak i sak 049/2017:**

*1. Radøy kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndigheitsoppgåver, jf. hamne- og farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS*

*2. Ordføraren får fullmakt til å stifta det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeids-kommunane. Dette i samsvar med vedlagte stiftingsdokument og selskapsavtale for BOH IKS, samt andre retningsliner som kjem fram av saka, som fastsetting av endeleg opningsbalanse, gjennomføra kapitalinnskot og halda konstituerande representantskapsmøte med val av styre og revisor.*
*Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av kapital/verdiar, blir ivaretatt av styret og den daglege leiinga i det nye selskapet, jf. tenestekjøpsavtale med BOH AS.*

*3. I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvasslova av 17.04.2009 nr. 19 § 10, vert Radøy kommune sitt mynde etter hamne- og farvasslova delegert til BOH IKS.*
*Kommunestyret forutset at delegasjonen av mynde til BOH IKS ikkje innskrenkar Radøy kommune sitt høve til å setja i verk tiltak for å verna innbyggarane si helse når helsevern-styresmaktene tilrår dette.*

*4. Frå Radøy kommune blir følgjande valde som medlem og varamedlem til representantskapet i BOH*

*IKS:*

| | |
|---|---|
| Medlem: | Ordførar |
| Varamedlem: | Varaordførar |

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| BOH v/Lars Røssevold | | | |
| Lindås kommune | Kvernhusmyrane 41 | 5914 | Isdalstø |
| Meland kommune | Postboks 79 | 5906 | Frekhaug |